

HF 28.08.06

Du er velkommen med innlegg i Hardanger Folkeblad.
Lesarbrev må underskrivast med fullt namn.
Lange innlegg kan bli korta.

Postboks 374 5751 ODDA Telefaks 53 65 06 21 E-post: redaksjon@hardanger-folkeblad.no

Røldalsvatnet på topp

Røldalsvatnet kan i samsvar med konsepsjonsbetingelsene tappast ned 17 meter i vinterhalvåret, vatnet skal fyllast oppatt med naturlig tilsig i sommarhalvåret. (Dette er nærare beskreve i betingelsene).

Etter 40 års erfaring er me godt kjende med utvaska, lysande stren-der langt utpå våren og sommaren.

Dette året, med svært lite nedbør, er det først no i slutten av august at

vatnet når opp til naturleg sommarvannstand.

Ser ein på andre vannmagasin, virkar det som at kraftselskapa i stor grad har gått bort frå praksisen med å samla opp vatn om sommaren, og ta ut energien om vinteren. Kraftverka blir no kjørt stort sett heile tida, sommar som vinter, mest styrt av marknadsprisen på straum. Det ser ut til at behovet for magasinering er blitt mindre aktuelt.

Ved å halda Røldals-

vatnet på topp heile tida, vil ein få ut større energimengde (høgare vanntrykk), enn ein får frå eit nedtappa magasin. Røldalsvatnet kan gje ei stabil kraftlevering, det er framleis store muligheter for sesong/marknadsbestemt oppsamling og tapping i andre magasin.

Dersom vatnet ligg konstant på topp, kan ein få tilbake plante- og dyreliv i strandsona. Vatnet blir meir tilgjengelig både sommar og vin-

ter. Om sommaren kan vatnet brukast aktivt til båtliv, fiske og bading. Røldalsvatnet kan utviklast til eit interessant og nyttig innslag i kultur og næring.

Det bør derfor vurderast å få endra konsepsjonsbetingelsene, slik at Røldalsvatnet kan haldast på topp, til glede og nytte for alle!!

24.08.06

Sondof K. Rabbe